

Retningslinjer for tildeling av plass i lærlingkollektiv i Lom kommune

1. Formål

Kollektivet skal vere eit tilbod til unge vaksne under utdanning eller arbeid med behov for bustad i ei avgrensa periode.

2. Kven passar lærlingkollektivet for?

Kriteriar:

- Unge vaksne under utdanning (i eit lærlingløp) eller arbeid for ei periode på 1-3 år.
- Arbeidsplassen må vera i Lom
- Alder: 16-30 år
- Behov for bustad i Lom
- Søkar må ha lovleg opphald i Noreg
- Leigetakarar må vere sjølvhjulpne og kunne bu i fellesskap med andre
- Søkar må ha tilstrekkeleg inntekt til å betale husleige
- Dersom leigetakar er under 18 år, må leigeavtalen bli inngått og signert av ein føresett

3. Prioritering mellom søkarar

Ved fleire enn tre innkomne søknadar frå søkarar som oppfyller kriteria i punkt 2, vil kommunen måtte foreta ei prioritering mellom søkjarane.

Kommunen kan prioritere etter

1. Lengde på ynska leigeperiode (lengst leigeperiode blir prioritert høgare enn stuttare)
2. Innflytting/oppstart leigeforhold i perioden juni-september

4. Tidsavgrensing

Tildeling skjer i fyrste omgang for ei avgrensa periode; 01.06.26-01.06.29, med mogleg forlenging.

5. Utestenging / avslag

Ved misleghald frå leigetakar sin side kan utleigar (kommunen) oppheve leigeforholdet etter Husleigeloven §9-9.

I tillegg kan leigeforhold seiast opp frå utleigar dersom søkar ikkje lenger oppfyller målgruppekriteria i punkt 2.

6. Saksbehandling

Innsending av søknad:

Søknad til lærlingkollektivet sendast via den digitale søknadsportalen for kommunale bustadar; [KOBO](#). Innlogging med BankID.

Søkar må skrive eller legge ved søknad:

- Lærling- eller arbeidskontrakt
- Ønska leigeperiode i kollektivet
- Eigen vurdering av å bu i bufellesskap
- Evt. erfaring/referanser frå tidlegare bufellesskap eller leigeforhold

Søknadsfrist

Søknadsfrist: 15.april

Viss det ikkje kjem inn tilstrekkeleg med søknadar innan fristen, vil det bli opna for ei løpande vurdering av søknadar etter 15.april.

Saksbehandling

Søknadar blir vurdert av bustadkonsulent, og drøfta i samarbeid med ei samansett prosjektgruppe i kommunen. Prosjektgruppa består av representantar frå eigedom, kommunal leiargruppe og næring. Det vert sendt ut vedtak, innan kort tid etter søknadsfristen.